

Fokus på tannhelse og munnstell på institusjon

NRK Rogaland har publisert ein artikkel om at **Tennene råtner på sjukeheim.**

– Før var munnstell å leggje gebiss i eit glas med vatn, men det at mange i dag har sine egne tenner gjer nok at kompetansen henge litt etter, seier Vibeke Hervik Bull, forskingsleiar ved Kompetansesenter for Tannhelse Rogaland.

Dårleg tannhelse kan medfører fare for dårlegare ernæring. Det kan og medføre auka risiko for hjarte/kar sjukdommar.

I Rogaland har dei vurdert at det trengs eit kompetanseløft på tannhelse og munnstell i sjukeheim, og det er først nå det blir tatt tak i ved at kompetansesenteret er i gang med et tverrfagleg forskingsprosjekt, med et tydeleg mål om å betre tannhelsa blant eldre på sjukeheim. Denne utfordringa gjelder nok i fleire fylker og kommunar, mellom anna Hordaland/Vestland. Prosjektet i Rogaland vil ha fokus på kompetanseheving. Nokon føreslår å etablere tannlegekontor på sjukeheimane som tiltak. Det kan vere ein måte å ta tak i utfordringa på.

Det kan jo ikkje vere slik at vi gjennom mange år har kampanjar med 0 hull som mål, og at vi skal ha tennene vår heile livet, og så ikkje ha gode nok system for å ta vare på tennene når ein vert eldre og ikkje klarer det sjølve lengre.

Venstre ynskjer dialog mellom den fylkeskommunale tannhelsa og helsetensta i kommunane for å finne gode løysingar og tiltak på eit godt tannhelsetilbod for alle dei som i dag har sin heim på institusjon.

1. Kan det vere behov for eit kompetanseløft på tannhelse og munnstell i Hordaland/Vestland fylke jamfør prosjektet i Rogaland?
2. Kva med å betre forholda ved å eventuelt etablere tannhelsekontor på større institusjonar, er det vurdert?

Forslag til oversending:

Hordaland fylkesting ber om ei sak som belyser status og eventuelle utfordringar i Hordaland/Vestland fylke når det gjeld tannhelse til eldre på institusjon. Moglege tiltak som medfører samarbeid med kommunane bør også utgreiast i ei slik sak.

Anne-Beth Njærheim, Venstre